



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ulstein kommunestyre  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Ulstein rådhus  
**Dato:** 28.01.2016  
**Tid:** 18:00–21:05

### Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Knut Erik Engh	Ordførar	FRP
Alf Johan Antonsen	Medlem	FRP
Einar Nevstad	Medlem	FRP
Mariette Gjerde	Medlem	FRP
Jon Åge Eidem	Medlem	FRP
Svein Børre Dimmen	Medlem	FRP
Heidi Strand	Medlem	H
Kari Warholm	Medlem	H
Knut Kleiven	Medlem	H
Egil Ulfstein	Medlem	H
Magne Grimstad jr.	Medlem	AP
Renathe Rossi-Kaldhol	Medlem	AP
Hanne Notøy	Medlem	AP
Marianne Breivik	Medlem	AP
Steinar Torvik	Varaordførar	KRF
Trond Berg	Medlem	KRF
Odd Arne Vikebakk	Medlem	KRF
Pål Grødahl	Medlem	V
Eldar Knotten	Medlem	V
Hannelore Måseide	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP
Oddvar Gjerde	Medlem	SP
Morten Feiring	Medlem	SV

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Tor Meinseth	MEDL	H
Ottar Kaldhol	MEDL	AP

### Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Hans Petter Th. Ulstein	Tor Meinseth	H
Magne Gurskevik	Ottar Kaldhol	AP

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Einar Vik Arset	Rådmann
Verner Larsen	Assisterande rådmann
Gry Osnes Nordal	Kommunalsjef
Marit Botnen	Kommunalsjef
Arne Runar Vik	Kommunalsjef
Steinar Nummedal	Økonomileiar
Gaute Skarstein	It-konsulent
Svein Arne Orvik	Politisk sekretær

### **Permisjonar**

Hannelore Måseide fekk permisjon frå kl. 18.50. Tor Wilhelm Havåg tok sete som vararepresentant frå dette tidspunktet.

### **Ugildskap**

Eldar Knotten var ugild i sak PS 16/10 og tok ikkje del i handsaminga av saka.

# SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
	OPEN TALARSTOL/SPØRJETIME	
PS 16/1	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 16/2	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 16/3	MELDINGSSAKER	
RS 16/1	INNBYGGJARUNDERSØKINGA 2015 ER KLAR!	2010/453
RS 16/2	REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 20 - NY KOMMUNESTRUKTUR - SAMANSLÅING AV KOMMUNAR PÅ YTRE SØRE SUNNMØRE	2010/453
RS 16/3	VAL AV REPRESENTANTAR TIL FRIVILLIGSENTRALEN - PROTOKOLL FRÅ LEVEKÅRSUTVALET	2014/1038
PS 16/4	RETNINGSVAL FOR FORHANDLINGAR OM NY KOMMUNESTRUKTUR	2010/453
PS 16/5	METODE FOR INNBYGGJARHØYRING	2010/453
PS 16/6	TEIKNING AV AKSJAR I ROVDEFJORDBRUA AS - UTVIDA AKSJEKAPITAL	2010/749
PS 16/7	LEGETENESTE TIL ASYLSØKJARAR OG FLYKTNINGAR I ULSTEIN KOMMUNE	2015/1935
PS 16/8	REPRESENTANTAR TIL INTERKOMMUNALT ARKIV (IKA) FOR MØRE OG ROMSDAL	2007/568
PS 16/9	VAL AV FELLESRÅDET, FRIVILLIGHETSENTRALEN, LANDBRUKSKONTORET OG LNK	2014/1038
PS 16/10	KOMMUNAL LÅNEGARANTI TIL STIFTELSEN VIKHOLMEN - KJØP AV AKTIVITETSHUSET	2016/91

## Spørjetime

### Spørsmål 1 frå Morten Feiring, SV:

*Politisk engasjement, folkestyre, samspel mellom folket og dei folkevalde er viktige tema for møtet her i dag. Eg har 3 spørsmål som er knytte opp mot desse tema.*

*I min interpellasjon til ordføraren i møtet 29.10.15 spurde eg om eit årleg, fast møtepunkt med folk frå krinsane i kommunen. Eg fekk eit godt svar frå ordføraren, og er viss på at han følgjer opp saka. Korleis er stoda med dette?*

### Svar frå ordføraren:

*Eg har teke tak i initiativet til SV, og drøfta dette i formannskapet saman med innspelet frå Venstre v/Pål Grødahl om å legge formannskapsmøta ut i krinsane. Målsettinga slik eg opplever initiativet frå både SV og V er at vi skal knyte tettare band med innbyggerane våre, og dette er også i tråd med eit av hovudmåla for dei folkevalde sitt arbeid i 2016; «Å legge til rette for brei deltaking og demokrati i kommunen». I 2016 vil har vi 3 store og viktige prosessar som vi ønskjer medverknad i, og dette er Kommuneplan, Kommunereform og Trafikktryggingssplan. Vi har difor bestemt at vi allereie neste veke og veka etter skal ha folkemøter i alle krinsar der desse prosessane er tema. Vi skal også då presentere den nye ordninga med miljøltiltak i krinsane som kommunestyret har innført frå 2017. Når det gjeld oppfølging for 2017 og utover er dette ikkje planlagt i detalj, men eg kan forsikre om at det ikkje er gløymt frå mi side.*

Spørsmål 2 frå Morten Feiring, SV:

*I same møte vedtok vi kommunikasjonsstrategisk plan og ein førebels handlingsplan. I denne handlingsplanen fekk SV inn to punkt - nesten samrøystes: tidlegare omtala møte med krinsane og annonsering av saklista til kommunestyremøte i lokalavisa ei veke før møta.*

*Denne handlingsplanen var førebels og skulle handsamast i samband med budsjett/økonomiplan. Mogleg eg har sove i timen, sett i lys av at saklista ikkje var annonsert no, men var handlingsplanen oppe til handsaming under økonomiplansaka på møtet før jul ?*

Svar frå ordføraren:

*Eg kan ikkje sjå at nokon av punkta som blei vedteken i handlingsplanen vart løfta fram i budsjettprosessen frå nokon av partane. Det er likevel ikkje slik at det ikkje let seg gjere å gjennomføre dei aller fleste tiltaka innanfor eksisterande budsjett.*

Spørsmål 3 frå Morten Feiring, SV:

*I samband med t.d handsaming av overordna planer er det god tradisjon for at formannskapet som styringsgruppe vert utvida til at alle partia i kommunestyret er representert. Vile det ikkje vere naturleg då at formannskapet som styringsgruppe i samband med kommunereformarbeidet òg vert utvida til å ha med representantar frå alle parti som er med i kommunestyret?*

Svar frå ordføraren:

*Dette stiller eg meg positiv til, og slik eg tolkar vårt politiske regelverk har kommunestyret og formannskapet mynde til å oppnemne Ad hoc utval som skal handsame spesielle saker. Eg finn det naturleg at alle partia i kommunestyret er involvert i store planprosessar, og at ein nyttar slike utval som førebuande møter før ein formelt handsamar sakene i formannskapet som styringsgruppe. Ein vil då kunne invitere SV inn og ein får då rett på møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. Det er imidlertid kommunestyret eller formannskapet som må gjere eit vedtak om dette.*

**Oversendingsframlegg**

Oversendingsframlegg frå Ulstein SV:

I det vidare arbeidet med kommunereformprosessen vert prosessen formannskapet som styringsgruppe utvida med ein representant frå SV.

Røysting: Oversendingsframlegget frå Ulstein SV vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

-----  
Ulsteinvik, 28.1.16

Knut Erik Engh  
Ordførar

Svein Arne Orvik  
møtesekretær

Lisa Mari Breivik Anderson

Magne Grimstad jr.

## **PS 16/1 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Innkallinga og saklista vert godkjende med tillegg av desse sakene:

- RS 16/3: VAL AV REPRESENTANTAR TIL FRIVILLIGSENTRALEN - PROTOKOLL FRÅ LEVEKÅRSUTVALET
- PS 16/10: KOMMUNAL LÅNEGARANTI TIL STIFTELSEN VIKHOLMEN - KJØP AV AKTIVITETSHUSET

## **PS 16/2 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Protokollen frå møtet 17.12.2015 vert godkjent.

## **PS 16/3 MELDINGSSAKER**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Kommunestyret tek meldingane til vitende.

RS 16/1 INNBYGGJARUNDERSØKINGA 2015 ER KLAR!

RS 16/2 REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 20 - NY KOMMUNESTRUKTUR - SAMANSLÅING AV KOMMUNAR PÅ YTRE SØRE SUNNMØRE

RS 16/3 VAL AV REPRESENTANTAR TIL FRIVILLIGSENTRALEN - PROTOKOLL FRÅ LEVEKÅRSUTVALET

## **PS 16/4 RETNINGSVAL FOR FORHANDLINGAR OM NY KOMMUNESTRUKTUR**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

- 1 Ulstein kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven om å danne ein ny kommune.
- 2 Ulstein kommune vel i denne omgangen å ikkje forhandle om Regionkommune Sunnmøre-alternativet.
- 3 Dersom forhandlingane under punkt 1 ikkje fører fram, kan Ulstein kommune saman med Hareid kommune og flest mogleg av dei andre kommunane nemnt i punkt 1 søke ei alternativ løysing. Regionkommune Sunnmøre kan vere ein del av denne løysinga.

### **Handsaming:**

#### **Tilråding frå formannskapet:**

- 1 Ulstein kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven om å danne ein ny kommune.
- 2 Ulstein kommune vel i denne omgangen å ikkje forhandle om Regionkommune Sunnmøre-alternativet.
- 3 Dersom forhandlingane under punkt 1 ikkje fører fram, kan Ulstein kommune saman med Hareid kommune søke ei alternativ felles løysing, der Regionkommune Sunnmøre *kan* vere ein del av løysinga.

#### **Fellesframlegg frå Ap, H, Frp, KrF og V:**

[Endre punkt 3 i tilrådinga til dette:] Dersom forhandlingane under punkt 1 ikkje fører fram, kan Ulstein kommune saman med Hareid kommune og flest mogleg av dei andre kommunane nemnt i punkt 1 søke ei alternativ løysing. Regionkommune Sunnmøre kan vere ein del av denne løysinga.

#### **Prøverøysting:**

I prøverøystinga fekk fellesframlegget frå Ap, H, Frp, KrF og V om endra punkt 3 22 røyster, 3 røysta imot.

#### **Røysting:**

Det vart røysta over punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet, punktet vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

Det vart røysta over punkt 2 i tilrådinga frå formannskapet, punktet vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

Det vart røysta over den første setninga i fellesframlegget frå Ap, H, Frp, KrF og V om endra punkt 3, setninga vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Det vart røysta over den andre setninga i fellesframlegget frå Ap, H, Frp, KrF og V om endra punkt 3, setninga vart vedteken med 22 mot 3 røyster.

## **PS 16/5 METODE FOR INNBYGGARHØYRING**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

- 1 Innbyggjarhøyninga om intensjonsavtalen om kommunereform skal gjerast med opinionsundersøking ved telefonintervju og med dialog på folkemøte og andre tenlege arenaar.
- 2 Før endeleg vedtak i kommunestyret vert det gjennomført rådgjevande folkerøysting.
- 3 Resultata frå innbyggjarhøyninga og rådgjevande folkerøysting skal offentleggjerast samtidig som dei andre kommunane på Ytre Søre Sunnmøre offentleggjer sine høyringsresultat.
- 4 Den rådgjevande folkerøystinga skal gjelde også for innbyggjarane som fyller 16 og 17 år i 2016.
- 5 Valstyret får mynde til å fastsette når og korleis folkerøystinga skal gjennomførast.

### **Handsaming:**

#### **Tilråding frå formannskapet:**

Innbyggjarhøyninga om intensjonsavtalen om kommunereform skal gjerast med opinionsundersøking ved telefonintervju og med dialog på folkemøte og andre tenlege arenaar. Talet på respondentar i undersøkinga må vere høgt, slik at resultatet vert påliteleg.

Resultata frå opinionsundersøkinga skal offentleggjerast samtidig som dei andre kommunane på Ytre Søre Sunnmøre offentleggjer sine høyringsresultat.

#### **Fellesframlegg frå Frp, KrF, Sp og SV:**

- 1 Innbyggjarhøyninga om intensjonsavtalen om kommunereform skal gjerast med opinionsundersøking ved telefonintervju og med dialog på folkemøte og andre tenlege arenaar.
- 2 Før endeleg vedtak i kommunestyret vert det gjennomført rådgjevande folkerøysting.
- 3 Resultata frå innbyggjarhøyninga og rådgjevande folkerøysting skal offentleggjerast samtidig som dei andre kommunane på Ytre Søre Sunnmøre offentleggjer sine høyringsresultat.
- 4 Den rådgjevande folkerøystinga skal gjelde også for innbyggjarane som fyller 16 og 17 år i 2016.
- 5 Valstyret får mynde til å fastsette når og korleis folkerøystinga skal gjennomførast.

#### **Prøverøysting:**

I prøverøystinga fekk tilrådinga frå formannskapet 12 røyster.

I prøverøystinga fekk fellesframlegget frå Frp, KrF, Sp og SV 13 røyster.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet fekk 12 røyster og fall.

Fellesframlegg frå Frp, KrF, Sp og SV vart vedteke med 13 røyster.

### **PS 16/6 TEIKNING AV AKSJAR I ROVDEFJORDBRUA AS - UTVIDA AKSJEKAPITAL**

#### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Ulstein kommune teiknar seg for inntil 10 aksjar a kr 5 000 ved kapitalutviding i Rovdefjordbrua AS.

Tiltaket vert finansiert ved tilbakebetalt aksjekapital frå Eiksundsambandet AS.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

### **PS 16/7 LEGETENESTE TIL ASYLSØKJARAR OG FLYKTNINGAR I ULSTEIN KOMMUNE**

#### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Det blir oppretta ei 6,67 % kommunal legestilling frå 01.03.16 for å få gjennomført helseundersøking og smitteoppsporing av nyttilflytta flyktningar og asylsøkjjarar.

Stillinga blir finansiert innanfor budsjetterte vertskommunemidlar.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

### **PS 16/8 REPRESENTANTAR TIL INTERKOMMUNALT ARKIV (IKA) FOR MØRE OG ROMSDAL**

#### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Som medlem i representantskapet til IKA for perioden 2016–2019 vert ordførar vald med varaordførar som varamedlem.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.



## **PS 16/9 VAL AV FELLESRÅDET, FRIVILLIGHETSSENTRALEN, LANDBRUKSKONTORET OG LNK**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

Ulstein kommunestyre vel representantar til felleusrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, styret for landbrukskontoret, LNKs landsting og innkvarteringsnemnder – jamfør vedlegg.

### **Handsaming:**

Oppdatert saksframlegg med vedlegg frå valnemnda (løpenr. 967/2016) vart ettersendt til kommunestyret før møtet.

I kommunestyremøtet korrigerer valnemnda framlegget på eitt punkt: I innkvarteringsnemnda for Hasund/Dimna er Arne Heltne representant nr. 5.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 16/10 KOMMUNAL LÅNEGARANTI TIL STIFTELSEN VIKHOLMEN - KJØP AV AKTIVITETSHUSET**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre 28.01.2016:**

1. Ulstein kommune stiller sjølvskyldnarkausjon for lån på inntil kr. 2.000.000 som Stiftelsen Vikholmen tek opp til kjøp av Aktivitetshuset i Ulsteinvik. Garantien må godkjennast av Fylkesmannen.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol på maksimalt kr 2.000.000 med tillegg av 10% til dekning av oppsamla renter og omkostningar. Maksimalt garantibeløp vert med det kr. 2.200.000.
3. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet og vert avslutta etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, totalt 22 år.
4. Ulstein kommune tek pant i Aktivitetshuset for lånet på kr. 2.000.000.-. Dersom kommunen må innfri lånet, vil kommunen i siste instans kunne tiltre pantet.

### **Handsaming:**

Saksdokumenta vart ettersende til kommunestyret før møtet.

Eldar Knotten vurderte seg sjølv som ugild i saka fordi han har økonomiske interesser av utfallet i saka. Kommunestyret fann han ugild i saka, og han tok ikkje del i handsaminga av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 24 mot 0 røyster.

-----0-----

Lenke vert sendt til:

- 1 Kommunestyret
- 2 Rådmannen
- 3 Assisterande rådmann
- 4 Kommunalsjefane
- 5 Mellomleiarane
- 6 Servicetorget
- 7 Kommunerevisoren
- 8 Vest Kontroll v/Jostein Støylen
- 9 Kontrollutvalet med vara

Ulstein kommune  
politisk sekretariat  
Svein Arne Orvik